

Karen Anna Toska
Kjøkkelvikbrekkene 160
5178 LODDEFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5931 - 21/50280

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
14.07.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 443/92 Toska

Tiltak: Dispensasjon fra LNF for oppføre bod
Byggjestad: Gbnr: 443/92
Tiltakshavar: Karen Anna Toska
Ansvarleg søker: Karen Anna Toska

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad 25.06.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad kan med fordel utfyllast med [søknadsskjema](#).
2. Det er naudsynt med dispensasjon sjølv om det vart gjeve dispensasjon for oppføring av hytta i 1997. Grunnlaget for dette er at det etter denne tid er ny plan for området. Ein dispensasjon er gyldig i 3 år, og om det var gjeve dispensasjon for oppføring av hytta i 1997 var dispensasjonen berre gyldig for det aktuelle tiltaket. Omsøkte tiltak treng difor dispensasjon i tråd med gjeldande lovverk. Sjå vedlegg for meir informasjon.
3. Kvittering for nabovarsel og opplysningar gjeve i nabovarsel er ikkje med i søknaden. Ber om at søknad supplerast med denne informasjonen. [Sjå her](#) for meir informasjon. Vi minner for ordens skuld om at ein søknad om dispensasjon må nabovarslas i tråd med plan- og bygningslova § 21-3.
4. Situasjonskart kan med fordel vere frå Alver kommune. Situasjonskart må betrast slik at det tydeleg syner plassering av tiltak i høve til eksisterande bygg. Nøyaktige mål på tiltak må førast inn på situasjonskart.

Situasjonskart må syne avstand frå tiltak til nabogrenser, veg og byggegrense.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

5. Det er noko uklårt av teikningane kva endringar tiltaket medfører for fasaden til hytta. Ber om at fagmessige teiknar utbetrast slik at dei tydeleg syner skiljet mellom eksisterande situasjon i dag og situasjon etter tiltak er gjennomført.
6. Ber om at søknad supplerast med informasjon om BRA/BYA. For informasjon om dette, sjå TEK17 §5-3 og §5-4. Det må visast til areal av bygning, konstruksjon og parkering i dag, sett mot situasjonen etter tiltak.

Samla grad av utnytting på tomt må reknast ut og leggjast ved i søknad. Sjå TEK17 §5-8.

7. Det er noko uklårt av søknad om tiltaket omfattar tilbygg eller påbygg. Ber om at dette avklarast.

For ytterlegare informasjon sjå <https://dibk.no/bygge-eller-endre/> og vedlegg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **10.09.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysingane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar sørkar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakhandsamingsfrist

Tidsfristar for sakhandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og bygesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbygg til bolig
Tegninger
Dispensasjon
Situasjonsplan
Nabovarsel innhold og varslingsmåter

Mottakarar:

Karen Anna Toska

Kjøkkelvikbrekkene 160

5178 LODDEFJORD

Mottakarar:

Karen Anna Toska

Kjøkkelvikbrekkene 160

5178

LODDEFJORD